

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Oppland,  
 Tilleggsspørsmålnr. 36 Helsing, fakter, ått. Herad: Etnedal.  
 Emne: Måter å reise folk på. Bygdelag: Heile bygdi.  
 Oppskr. av: Lærar Martin Lundstein. Gard:  
 (adresse): Bruflat. G.nr. Br.nr.

- A. ~~Merk av om~~ oppskrifta er etter eiga røynsle.  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## I

Før i tia var det dei som for omkring og skaut hare om våren "grohare", når haren tidlig om morgon eller seint om kvelden var framme og fann seg groe. Slike skyttarar laut nok ofte finne seg i å skyte på ein hare som var laga av eit hareskinn med noko halm til innvolde.

## 2-3

Har ikkje vore brukt her.

Ved å sette navn på folk.

## 4

Dei som var borte hja andre joledag og andre helgedagar som fast regel, vart stundom kalla "Helgesvolten".

(d.e. dei som gjerne gjekk og svalt heile dagen heller ~~enn~~ å gå heim) Slike navn har ikkje vore mykje brukt, men ein har høyrte dei.

## 5

Dei som ikkje fekk noko nytt til jol, skulle stå på sautalla jolekvelden.

## 6

Ókenavn på folk som, som forsómde noko tradisjonalt påbod, kjenner me ikkje til ha vore brukt her, men derimot navn som tyda på ein likamsskavank. T.d. Stubb-Anne, Halte-Nils, Stuttleggen, og likeins navn som peika på kor ein var komen frå: Slidre-Knut, Svenske-Maria, eller tilnavn som kom av arbeidet dei ha åe drive med: bakste-Kari, skreddar-Martin o.s.b.